



HALLIBURTON AS  
Postboks 200  
4068 STAVANGER

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Hallvard Hageberg, 5557 2318

## Vedtak om løyve til opprydding i forureina grunn – Storemyra 271, Alver kommune

---

**Området er delt i tiltaksområde 1 og tiltaksområde 2. For tiltaksområde 1 skal forurensning i tilstandsklasse 4 og 5 fjernast. For tiltaksområde 2 skal avgravede lausmassar handterast slik forurensningslova bestemmer.**

---

### 1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Halliburton AS løyve til gjennomføring av tiltak basert på tiltaksplan datert 26.03.2021 (heretter tiltaksplan 1) og tiltaksplan datert 16.03.2022 (heretter tiltaksplan 2). Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet gjeld frå dags dato. Alver kommune er orienterte om at Statsforvaltaren handsamar begge tiltaksplanane.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

#### Varsel om saksbehandlingsgebyr

Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med løyve. På bakgrunn av dei opplysningane som vart gitt i søknaden, er saka plassert i gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyret vil då vere 70 000 kroner.

Gebyrstorleiken kan påklagast til Miljødirektoratet. Gebyret må likevel betalast inn. Eventuelt overskytande beløp blir refundert.

### 2 Kort om bakgrunnen for saka

Det er fremja to tiltaksplanar for det aktuelle området. Tiltaksplan 1 er planen for det området som har vore brukt til ulike typar industriverksemd. Tiltaksplan 2 er planen for området mellom eigedomsgrensa for gnr. 127 bnr. 101 i Alver kommune og tiltaksplan 1.



### **Forureiningslova**

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket samanlikna med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på om tiltaka er akseptable sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

### **Naturmangfaldlova**

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta inneheld forplikande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### **Nasjonalt prioriterte stoff**

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte, slik at utsleppa på sikt blir stansa.

## **3 Statsforvaltarens vurdering og grunngeving**

Miljømåla for løyvet er at etter at tiltak er gjennomførte skal tiltaksområde 1 og 2 ikkje lenger vere ei nemneverdig kjelde til helseisiko for brukarar av området. Konsentrasjonen av avrenning frå tiltaksområdet skal vere nær bakgrunnsnivå.

Statsforvaltaren meiner at ei samla vurdering av forureiningsulempene og behovet for opprydning fører med seg at tiltaket kan godkjennast i samsvar med planane for tiltaksplan 1 og tiltaksplan 2.

Grunneigar ynskjer at all forureining over tilstandsklasse 1 og 2 skal fjernast frå eigedomen. Etter vårt syn vil dette vera for strengt for ei tomt som har vore brukt til industri frå før 2012 og til i dag. Det har vore dreve ulike typar verksemd på området, m.a. hadde verksemda DVS Norge AS løyve frå Miljødirektoratet til mottak av boremod. Vi vil også visa til at asfaltdekke på området for tiltaksplan 1 er blitt fjerna etter løyve frå Alver kommune. Dette er også eit argument for at tiltaket bør gjerast så raskt som råd er.

## **4 Faktagrunnlag**

### **Kort informasjon om verksemda og utsleppa**

Vi syner til tiltaksplanar for tiltaksområde 1 og tiltaksområde 2. På tiltaksområde 1 har det vore ulike aktivitetar sidan før 2010. Statsforvaltaren (den gongen Fylkesmannen) gav i 2011 uttale til politiet i samband med akutt oljeutslepp den 21.03.2010.. Vi kjenner ikkje i til andre leigetakarar som har vore involverte etterpå med unntak av Halliburton AS. Halliburton ynskjer no å rydda opp på eigedomen. Lokaliteten er registrert i Grunnforurensningsbasen<sup>1</sup> med ID-nummer 15746. Vi syner også til vedlagte rapportar.

---

<sup>1</sup> <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>



## 5 Saksgang

Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36<sup>2</sup>.

Både den ansvarlege for tiltaka og grunneigaren har gjennom sine advokatar fått innsyn i framlegg til tiltaksplanar og rapportar som er utarbeidde. Det same gjeld Alver kommune.

Saka er ikkje førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-6. Vi meiner at løyvet både vil føra til ei løysing på eit akutt problem og vera av mindre miljømessig konsekvens, og førehandsvarsel etter §§ 36-7 er dermed unnateke, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav a og b.

Statsforvaltaren har vurdert bedrifta og grunneigaren sine kommentarar ved behandlinga av søknaden.

## 6 Klagerett

Halliburton AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyvedokument Halliburton
- 2 10228445\_01\_RIGm\_RAP\_003 Tiltaksplan forurenset grunn m vedlegg
- 3 Tiltaksplan for eiendommen i Mongstad, Norge

Kopi til:

ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
ADVOKATFIRMAET SCHJØDT AS	Postboks 2444 Solli	0201	OSLO
ADVOKATFIRMAET SELMER AS	Postboks 1324 Vika	0112	OSLO

---

<sup>2</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931> kapittel 36